

Årsmelding for Lindås Indremisjon 2018.

Ef.6.11

Ta på dykk heile Guds rustning, så de kan stå fast mot djevelens listige åtak.

Val:

Lindås Indremisjon:

Styret:

Leiar: Leif Birger Sortland tok attval.

Astrid Halland og Kåre Larsen stod på val som medlem i styret og tok attval.

Frå før set Anne Risøy og Bjarne Risa

Det vart ikkje vald vara medlem.

Valnemnd:

Turid Risa, Anne Maren Sortland og Arnvald Risøy vart også attvalde.

Revisor:

Jostein Sjurseth og Norvald Halland vart attvald

Lindås Bedehus:

Formann:

Norvald Halland tok attval.

Styret:

Arnvald Risøy og Turid Risa tok attval.

Frå før set Bjarne Risa.

Kåre Larsen vart attvald som vara medlem.

Arbeidet i styret for Lindås indremisjon:

Leiar: Leif Birger Sortland

Nestleiar er Kåre Larsen

Anne Risøy er kasserar.

Styret har hatt 3 styremøter i 2018.

Om arbeidet på bedehuset:

Også i 2018 har me vore velsigna med gode møter. Fast møtedag om tysdag fungerer godt.

Det har vore fin veksling mellom møter med talar og samtalemøter. Frå Nordhordland

Indremisjon har me hatt besøk av Odd Sverre Hove, Audun Hjelvik, Asle Hetlebakke og

Christian Skoge som har hatt bibeltimar med oss. Anita Solbakk hadde andakt på

familiemøte og Cecilie Skår på grillfesten. På julefesten vart det Sigrud Romarheim som

hadde andakt. I slutten av september hadde me ei kort bibelhelg med Per Gunsten Nes,

Tema: Mariaplassen.

Odd Eivind Stensland og Kristian Ganstø, NLM har vitja oss på kvar sitt møte i haust.

Nokre av dei planlagde møta har vorte avlyst i siste liten, då me har kome til at det ikkje kom til å være så mange tilhøyrarar.

Totalt 17 møter med Talar. Me har hatt jamt arbeid med 20 bønne og samtalemøter.

Samarbeid med andre bygder og lag:

Det har vore to felles bønne møter på Lindås bedehus siste året. Ei fin samling av truande frå ulike forsamlingar.

Vår visjon.

I vedtektene våre står det: Lindås Indremisjon har til føremål å fremja Guds rike og halde oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid.

Styret har etter beste evne søkt å jobba mot dette målet. Me ser det som viktig å ha eit godt fellesskap der me får samlast om Guds ord og be ilag om det som opptek den enkelte.

For styret

Leif Birger Sortland